



Helge Husebø
Kårbø 9
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3531 - 14/13012

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
02.09.2014

Viltfondet, Tilskot til naudforing av hjort.

Administrativt vedtak. Saknr: 249/2014

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 02.09.2014. Grunna den seine våren i 2013 med mykje barfrost og langvaring kulde vart det lagt ut 11,4 tonn med silo og 57 høyballar som naudforing til hjorten. Dette vart gjort for å hindre unødige lidings for hjorten i en periode der hjorten var sårbar etter vinteren. Kostnaden for foringa var til saman 8.312,50 kr.

| | |
|-------------------|------------------|
| | Kostnad: |
| Høyballer 57 stk. | 1700 kr |
| Silo 11,4 tonn | 4950 kr |
| MVA | 1662,5 kr |
| Sum: | 8321,5 kr |

Vurdering:

I retningslinjane for viltfondet står det at fondet kan nyttast til tiltak for å førebygge skade på landbruksnæring som følgje av hjortevilt. Samstundes kan fondet dekke tiltak som fremmer viltforvaltninga i kommunen. Administrasjonen meiner at naudforinga av hjorten har vore med på å redusere skade på innmark og hindra unødvendig lidings for hjorten. Difor meiner administrasjonen at tiltak fell innanfor viltfondet sine retningslinjer og kan dekkast av viltfondsmidlar. I framtida må rettighetshaverane forventa og dekke ein større del av kostnaden med slik foring sjølv.

Vedtak

«Meland kommune innvilger søknad frå Helge Husebø om støtte til naudforing av hjort med kroner 8.321,5. Summen vert dekkja av viltfondet.»

Vedtaket er gjort etter delegert mynde frå Utval for drift og utvikling.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Økonomikontoret

Mottakere:

Helge Husebø

Kårbø 9

5917

ROSSLAND